

Ivrige og flinke unge fiskarar.

28.06.2017



Søskena Lars Jostein(nærast) og Frida Almås fiskar i Leirhola.

Etter to veker med fiske i Uskedalselva er det no registrert ein fangst på ca. 140 kg. Det er framleis ungguten Lars Jostein Almås på vel 10 år som har fått den største fisken. Tredje fiskedagen fekk han ein rugg av ein laks på 8,2 kg på Haugland. Almås er svært ivrig med fiskestonga, og han er verkeleg byrja å få dreisen på fiskekunsten.

Det stoppar ikkje med berre denne eine storfisken for Lars Jostein Almås. Han har også fått ein laks på 6,3 kg. Den vart også landa på Haugland, men ei veke seinare. Med så store fiskar er sjølvsagt 10-åringen avhengig av hjelp for å få dei på land. Det får han av faren, Jostein Almås, som er ein minst like ivrig fiskar. Mindre fiskar klarer no Lars Jostein fint å ta på land sjølv.

Lars Jostein har også ei søster, Frida på snart 14 år, som no er ivrig med på fiske i elva. Ho har også fått store fiskar. Til no i år er den største ein laks på 3,7 kg. I fjor var det derimot ho som fekk den største laksen av dei to fiskeglade søskena. Heile 6,8 kg var største fisken ho fekk då, medan Lars Jostein var oppe på 5,6 kg.

Eg trefte på dei to søskena ein dag denne veka då dei var i full gang med hobbyen sin i Leirhola. Eg la merke til at dei hadde skikkeleg utstyr og verka svært rutinerte der dei stod i elvekanten. Mellom dei gjekk fraren, Jostein Almås, og rettleia dei unge og hjelpte til. Den ivrige fiskaren hadde ikkje tid eller anledning til å fiska sjølv, men det var tydeleg at han storkosa seg med at avkommet hadde arva fiskeinteressa hans.

Då eg stod og såg på, slo tanken meg at det er få born som fiskar i Uskedalselva i høve til for ein del år sidan. Tenk kor kjekt foreldre og besteforeldre som fiskar, kunne haft det om dei tok med barn og barnebarn, og lærte dei denne flotte hobbyen! Eg kjenner til at det tidlegare har vore snakka om ting som kan motivera og læra opp unge til fiske. Ein ting som kanskje er ukjent for mange, er at det er gratis for dei under 18 år til å fiska i Uskedalselva, men dei må registrerast som fiskarar og meldha inn fangst.

Interessa for fisket hos Frida og Lars Jostein har ikkje kome av seg sjølv. Den er skapt gjennom mange år. Begge byrja å vera med faren på fisketurar alt i 3 - 4-årsalderen. På turane la dei inn andre aktivitetar, som smiing med kniv innimellom fiskinga. Godteri hadde dei og med seg. No kosar dei seg med hobbyen, og tru ikkje fiskane dei får kjem av seg sjølv. Dei brukar mykje tid ved elva og er tolmodige. Den dagen eg trefte dei, vart det ingen fangst, men napp hadde dei i alle fall. Spennande det og!

Dei største laksane til no i år:

Lars Jostein Almås 8,2 kg
Arnt Erik Skjøtskift 7,8 kg
Einar Vikanes 7 kg
Jan Helge Garvik Arefjord 7 kg
Leif Jordal 6,7 kg
Lars Jostein Almås 6,3 kg
Kjell Stensletten 6 kg
Tommy Einarsen 5,8 kg
Kjell Stensletten 5,5 kg
Rune Mathisen 5 kg

Ørjan Kjerland har fått den største auren. Den var 3 kg.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland